



**Opplæringsavdelinga**  
**Hordaland fylkeskommune**  
**5224 BERGEN**

## **SØKNAD OM UTVIDING AV ELEVTALLET I KLASSA Vg1 STUSP. VED GARNES VGS.**

**Som Opplæringsavdelinga kjenner til** er leiinga ved Garnes vidaregåande skule oppteken av å gje eit optimalt skuletilbod til elevane. Difor har vi kjempa ein kamp for å tilby to parallelle klassar på Studieførebuande programområde. Garnes vidaregåande skule tapte denne kampen med knappast mogleg margin i Fylkesutvalet den 20. mai. Sju politikarar stemte for skulen sitt ønskje, åtte politikarar gjekk i mot.

**Vi har ved fleire høve**, både skriftleg og munnleg, orientert Opplæringsavdelinga om at idrettslaga Arna håndball og Arna-Bjørnar fotball har teke kontakt med skulen for samarbeid med idrettsmiljøa ved å tilby elevane programfaget Toppidrett. Det er vel kjend at idrettsklubbane Arna håndball og Arna-Bjørnar fotball driv idrett på nasjonalt elitenivå. Idretten heldt orienteringsmøte for avgangselevar frå ungdomskulane i distriktet i desember 2013. Foreldre/føresette og representantar for leiinga ved skulen var og inviterte og deltok på møtet. Denne kvelden var det ca. 30 ungdommar som melde frå til idretten at dei ønskte å gå på eit slikt tilbod dersom det vart realisert. Skulen har hatt fleire møte med leiinga for idrettsmiljøa. Vi har saman kome fram til ei fullverdig løysing gjennom eit godt samarbeid. Garnes vidaregåande skule tilbyr dette programfaget frå hausten 2014.

**Garnes vidaregåande skule** viser til at skulen er den einaste bydelsskulen med **auke i primærstøtjartalet** i år. Alle andre skular rundt Bergen har til dels drastisk nedgang. **Med berre ei klasse Vg1 STUSP er Garnes vidaregåande skule også den einaste bydelsskulen der ikkje alle primærstøtjarane vil få plass.** Dette er svært uheldig først og fremst for elevane, men og skulen.

I saksframlegget: «**Justering av tilbodsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntaket**», side 7, 4. avsnitt, **Garnes vidaregåande skule**, skriv saksbehandlarane: «**Det er heller ikkje noko argument at «overtallege» søkjarar ikkje får det tilbodet dei ønskjer i regionen.**» Jo, meiner rektor, i dette høve er det eit svært godt argument fordi dette samarbeidet med idrettslaga er eineståande i Hordaland.

I same avsnitt i saksframlegget skriv saksbehandlarane vidare: «**Som ein kjenner til er det også vanleg med ein viss reduksjon av støtjartalet fram mot skulestart fordi ein del søkjarar tek imot plass t.d. ved dei private vidaregåande skulane.**»

**På bakgrunn av opplysningane i denne setninga ber rektor ved Garnes vidaregåande skule om at alle primærstøtjarane til skulen vert teken inn.** Røynslene som saksbehandlarane set inne med, at «**ein del søkjarar tek imot plass t.d. ved dei private**



*vidaregåande skulane*» tilseier at elevtalet i klassa vil nærme seg 30 elevar etter 3. inntakssomgang.

**Rektor kjenner til** at det er fleire rektorkollegaer som «overbooker» klassane sine ved skulestart. Det er heller ikkje uvanleg at skular har godt over 30 elevar i ei klasse gjennom heile skuleåret.

**Rektor har brukt heile førre helga** på å planleggje og tenke gjennom om det praktisk er mogleg å ha ei klasse med elevtal godt over 30 ved skulen. Resultatet av planlegginga er; **Ja, det er mogeleg.** Vi har eit klasserom som er tilrettelagt for dobbel klasse. Der ein kan plassere opptil 40 elevar. I tillegg har skulen auditorium med plass til 50 personar. Pedagogisk vil skulen kunne gje til eit optimalt tilbod til alle elevane. Dette skal gå veldig bra.

**Både skulen og idrettslaga vi har inngått samarbeid med er svært oppteken av at alle primærsøkjarane frå idrettsmiljøet skal bli teken opp ved Garnes vidaregåande skule. Det kan vere øydeleggjande og splittande for idrettsmiljøa vi skal samarbeide med, og i tillegg få verknad for det faglige miljøet i faget Toppidrett, dersom nokre få elevar vert utestengde.**

**Ut frå argumenta som saksbehandlarane viser til ut frå røynsler med inntaket gjennom mange år i «Justering av tilbodsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntaket» ber rektor ved Garnes vidaregåande skule om at Opplæringsavdelinga v/Inntaksleiar er villig til å «overbooke» Vg1-klassa på Studieførebuande programområde for hausten 2014.**

**Med von om positiv og rask handsaming av denne søknaden!**

Garnes 29.05.2014.

Vennleg helsing

*Aud Åsne Kvamme*  
rektor